

BOKN BYGDABLADE

Nr 8 oktober 2003 - Årg. 18



www.bygdabladet.no



Nabouro - s. 6



Kystkultur - s. 18



Naturkrefter - siste side



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei!

Først vil eg takke for tilliten de gav meg ved valet. Eg vil fortsette å gjera ein best mulig jobb for dykk som innbyggjarar og for at Bokn skal få ei god utvikling.

Politiske utval

Bokn vil nå ha berre formannskap og forvaltningsstyre med 7 medlemmer kvar. Eg trur dette blir ein effektiv og god måte å drive den politiske delen av kommunen. Ikkje nøl med å ta kontakt med oss.

Det nye kommunestyret består av 9 nye representantar og 8 som blei gjenvalt. Eg vil takke dei som har gått ut av kommunestyret for samarbeidet og ønska dei nye velkomne.

Det nye formannskapet har alt hatt møte og bevilga 340 000,- til å fikse vegar og stikkrenner etter alt regnet og 8 000,- til TV-aksjonen.

Kystkultur

Skulen har hatt kystkultur som tema (sjå eigen art. i bladet) i ei veke og vore på sjøen å fiska, laga fiskemat, laga fiskeredskaper og mykje anna. Etterpå blei mat og utstyr selt, noko som innbrakte 15 490,- som blei gitt til TV-aksjonen.

Dette var kjempebra og eg takker alle for innsatsen og bidraget til årets TV aksjon.



Bustadfelt

Kommunen og Erling Sæbø har inngått avtale

om utbygging av bustadfelt i Føresvik. Feltet vil nå bli prosjektert og anbud innhenta før sjølve byggemodninga kan skje. Det er viktig å kunne tilby varierte tomter i kommunen, og gjennom denne avtalen vil nå svært sentrale tomter i Føresvik bli tilgjengelig.

Fylkesvegane

Me har i lang tid arbeiddt for å få utbetra fylkesvegane på Bokn. Me har nå fått til eit samarbeid mellom kommunen, vegvesenet og private aktørar for å få til utbetring på vegen til Kro og på vegen frå E 39 til Føresvik. Det blir først og fremst nye møteplassar.

Budsjett 2004

Regjeringa har lagt fram forslag til statsbudsjett med kommuneøkonomien og det inneber at Bokn ikkje får noko særleg reell auke i sine inntekter. Me tapar litt på omlegging i inntektssystemet til kommunane, og det vil bli eit svært stramt budsjett for Bokn, kor det vil bli ei utfordring å oppretthalda dagens drift i kommunen.

Kommunestyret skal ha sitt budsjettmøte den 17/12 og eg vil komme tilbake med meir informasjon om kva budsjettet for 2004 til Bokn kommune vil medføre seinare.

Fiskerimiljøet

Som fleire veit så har me fått 2 nye fiskebåtar til Bokn, ved utskifting av "Håflu" og "Solholm" og eg vil gratulera med nye båtar. Eg er glad for at dei satsar på ny og ser ei framtid i fiskeria. Dette er med på styrka fiskerimiljøet på Bokn som er viktig for oss.

For at dei skal få gode vilkår for drift i Bokn må kommunen bidra til at dei får gode hamnemuligheiter og då kan ei utvikling i Knarholmen bli aktuell.

Det blir nå og arbeidet med å få etablert ein mekanisk verkstad i Knarholmen, i første omgang midlertidleg på ein lekter.

Det kan nå endelig sjå ut til at der kan bli eterlengta auke i aktiviteten i Knarholmen. Det er eg svært glad for og eg håpar me lykkast i å få eit rikt og godt næringsliv i Knarholmen.

Svein Ove

Sjøhuset og Arsvågen satsar friskt

- nye eigarar endrar litt på kursen-

Reidar Alvestad

Eigarskifte

Både ved Sjøhuset i Alvestadkroken, og ved Arsvågen har det sommaren 2003 vore eigarskifte.

Åse Helen og Espen Alvestad har overtatt Sjøhuset, medan Arsvågen er overtatt av eit aksjeselskap bestående av lokale eigarar. Dei to som skal stå for den daglege drifta på Arsvågen er Bjørn Einar Nybru og Randi Bakken, begge frå Tysvær.

Både ved sjøhuset og ved Arsvågen skjedde overdringa til nye eigarar frå 1.juli. Ved Arsvågen starta dei ikkje ny drift før den 15.juli pga at det var brannskada, og dei måtte ha tak i ei utsalgsvogn fordi 1. etasjen ikkje var brukbar etter brannen i mai.



Det maritime miljøet set preg på området ved Sjøhuset i Alvestadkroken.

Sjøhuset - satsar også mot bedrifter


Åse Helen Alvestad seier til Bygdabladet at Sjøhuset skal drivast i same stil som tidlegare, men at dei nå i tillegg marknadsfører seg spesielt i forhold til bedrifter for å få fleire konferansar og andre arrangement frå denne frå den kundegruppa. Andre selskapsarrangement har på ein måte gått av seg sjølv ved at kundene har gitt god omtale. Dei vil nå prøva å få fleire kundegrupper ved å marknadsføre seg til fleire typer knder, slik at dei kan få meir oppdrag også på andre vekedagar utanom helgedagar. Sjøhuset leverer også smørbrød. Sjøhuset har hatt ei god drift den siste tida. Dei profilerer seg mykje på lokale råvarer innafor sjømat som ferske reker, krabbe, gravlaks, røykt laks mv, og dette ser det ut som at kundane likar.

Arsvågen Kro og Gardsmat A/S

Dette er det nye namnet på kafe- og selskapslokala på Arsvågen, og det nye ved drifta ligg i ordet **gardsmat**. Etter brannen i mai månad, har ikkje kafelokala i 1. etasje berre vore i bruk, berre den delen som inneheld toalettanlegget. 2.etasjen har vore i bruk, men her er inngangspartiet dårleg tilrettelagt for ferjepassasjerar som har lita tid, at dei nye eigarane har satsa på ei salgsbu ved sida av kafeinngangen som ligg vendt mot sjølve ferjeleiet. Dei har tatt eit innvendig lokale (tidl. info-kiosk) til høgre ved kafeinngangen i bruk inntil dei brannskadde kafelokala blir sette i stand. Det blir for

kaldt med salgsbu utover hausten.

Arsvågen Kro og Gardsmat driv nå selskapslokala som



Vil Arsvågen Kro og Gardsmat burde ligga godt til rette for å få ei god framtid innafor den nye satsinga.

tidlegare med tilbod til om arrangement til private eller bedrifter, i tillegg til at dei har søndagsmiddag. Dei ventar på at vegvesenet skal setja kafelokala i 1.etasje i stand etter brannen. Når dette er gjort, skal dei ha ein stor kombinert butikk og kiosk her. Dei vil selja hurtigmat som tidlegare, og det nye er at dei vil tilby lokale produkt som honning, kjøt, egg, grønnsaker og andre varer frå gardsbutikken. Det kan godt bli fleire produkt, og dei vil prøva seg fram etter kvart. Det er kokken Bjørn Einar Nybru og Randi Bakken som vil stå for det daglege ansvaret for drifta.

Med gardsmatutsalet kjem det nye og interessante nisjeprodukt inn på Arsvågen. Dette er noko som er "inne" for tida, og burde kunna trekka fleire kundar.



For å driva ei serveringsbedrift må ein avlegga den såkalla etablererprøva og kunnskapsprøve om alkohollova. Her er frå v. Åse Helen Alvestad frå Sjøhuset, Bjørn Einar Nybru og Randi Bakken frå Arsvågen framfor Boknatun etter at dei har vore inne og gjennomgått prøvene.

Det direkte ordførarvalet blei aldri spennande, og pennen blei flittig brukt av mange boknarar før stemmesetlane blei lagde i urnene.

Den nye vallova, som m.a. hindrar folk i å stryke listekandidatar, førte til mange personstemmer (kumuleringar) og overføringar frå andre lister (slengarar) ved årets kommuneval. Dette resulterte i like mange endringar i listerekkefølga som ved tidlegare val, då det har vore lov å stryke.

Eit godt døme på dette er Senterpartiets Åse Bratthammer som stod nederst på lista, men som med 26 kumuleringar og 7 slengarar endte som nr. 2 og gjekk rett inn i både Kommunestyret og Formannskapet.

Det var også interessant å sjå om dette med stryking på listene ville slå ut på valdeltakinga blant dei 575 stemmeberettiga i kommunen, noko ein ikkje kan seia at det gjorde, då frammøteprosenten berre gjekk ned med 3% frå Kommunevalet i 1999.

Nesten halve Kommunestyret er blått

Høyre gjorde eit godt val og fekk inn to representantar meir i Kommunestyret enn i forrige periode. Forutan å ha ordføraren har dei tre reresentantar med i både Formannskapet og Forvaltningsstyret. I sistnemnde utval har dei også leiaren.

Det var Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti som mista eit mandat kvar til Høyre, medan Arbeidarpartiet har tre, som i forrige periode. Som venta blei KrF prega av Medhaug-saka og blei meir enn halverte sidan 1999. Likevel fekk dei inn to representantar i Kommunestyret.

Ser fram til fire nye år

Ein svært glad ordførar sa til Bygdabladet valkvelden at han så fram til ein ny periode i førarstolen.

Av dei 367 boknarane som røysta ved direkte ordførarval stakk Svein Ove Alvestad av med heile 276 stk., noko som tilsvarar 75% av stemmene. 6 stk. røysta blankt.

Han gjorde forøvrig eit godt kommuneval med heile 72 personlege stemmer og 4 slengarar.

KOMMUNESTYRET 2003 - 2007:

Svein Ove Alvestad (ordførar)	(H)
Gunnar Emil Bokneberg	(H)
Helga Sandven Alvestad	(H)
Per Helge Sunde	(H)
June Susanne Grønnestad	(H)
Jostein Geitung Larsen	(H)
Linda Kro	(H)
Kleng M. Våga (varaordførar)	(Sp)
Åse Bratthammer	(Sp)
Merete Alvestad	(Sp)
Ottar Jakob Borgenvik	(Sp)
Osmund Våga	(Sp)
Kyrre Lindanger	(Ap)
Marie Faye	(Ap)
Harry Bokneberg	(Ap)
Sigmund Alvestad	(KrF)
Sigurd Johnny Svendsen	(KrF)



MUNTRE POLITIKARAR PÅ DET SISTE KOMMUNESTYRE-MØTET 10.09.03 FRÅ FORRIGE PERIODE:

Bak fh. Gunnar E. Bokneberg, Laila R. Nemeth, Finn Kro, Åse Bratthammer, Kleng M. Våga, Harry Bokneberg, Sigmund Alvestad, Arne Hosaas, Johannes Nilssen, Leif Vatnaland, Sigrunn H. Hosaas, Gunvor Øvrebø (for Tor Harald Alvestad), Per Helge Sunde, Åse Helen Alvestad, Aud Leidy Gaupås (for Nils Bjørn Nilssen), Sigurd Johnny Svendsen, ordførar Svein Ove Alvestad og rådmann Jan Erik Nygaard.

Konstituering på Sjøhuset

Underteikna hadde ikkje anledning til å vera til stades under konstitueringa på Sjøhuset 3. oktober og Bygdabladet har ikkje bilde av det nye Kommunestyret enno, men det forrige blei fotografert på det siste møtet dei hadde 10. september.

Då gjekk m.a. rutinerte politikarar som Leif Vatnaland, Arne Hosaas, Sigrunn H. Hosaas, Johannes Nilssen og Finn Kro ut av politikken. Om det var for godt eller ein periode skal ikkje seiast, men Bygdabladet vil i alle fall vera med og takka for innsatsen!

Politiske utval

Bokn driftsstyre er lagt ned. Formannskapet er blitt utvida frå fem til sju medlemmer og har tatt over Driftsstyret sine oppgåver.

Bokn forvaltningsstyre er også blitt utvida frå fem til sju, med dei same oppgåvene som før.

Kontrollutvalet har som før tre medlemmer.

Her er samansetningane. Alle vala var samrøystes:

Formannskapet

Svein Ove Alvestad ordførar (H)
Gunnar Emil Bokneberg (H)
Helga Sandven Alvestad (H)
Kleng Matias Våga varaordførar (Sp)
Åse Bratthammer (Sp)
Marie Faye (Ap)
Sigmund Alvestad (KrF)

Forvaltningsstyret

Per Helge Sunde leiar (H)

June S. Grønnestad (H)
Linda Kro (H)
Merete Alvestad (Sp)
Ottar J. Borgenvik (Sp)
Kyrre Lindanger nestleiar (Ap)
Sigurd Johnny Svendsen (KrF)

Kontrollutvalet

Annbjørn Bokneberg leiar (Sp)
Bjørn Eirik Gundersen nestleiar (Ap)
Ann Elisabeth Strand (H)

Loppemarked og auksjon

Kari Hetland

Høstens årlige loppemarked og auksjon for Bokn musikkorps gikk av stabelen lørdag 18. oktober. Gymsalen på Bokn skule var stappfull, og det var både boknarar og en



I TIMESVIS: Ove Alvestad viste fram mye skulle auksjoneres ut. Th. Villalobos, en av mange tilreisende på jakt etter "godbiter".

god del tilreisende som hadde funnet veien. Her var "lopper" for enhver smak. Alt ifra kjøkkenredskaper til møbler, verktøy og pynte-gjenstander. I år hadde også korpset fått et dødsbo av Rolf, Dan Viggo og Gunn Aarsand. Kafeen var åpen ifra kl 11. Her var utvalget stort og sjøl den kresne måtte finne noe her.

Junior- og voksen-korpset med dirigen-tene Lillian Grønnestad og Jardar

Havikbotn gav en flott musikkopplevelse. Her ble bl.a. spilt tittelmelodien fra barnefilmen Byggmester Bob, "Y.M.C.A" av "Village People" og Edvard Grieg's "Ved Rondane" - De er skikkelig flinke, var en kommentarer som ble sagt. Jardar kunne fortelle at det var begynt flere nye korps-medlemmer i høst.

En mann bosatt i Haugesund, Villalobos, hadde tatt turen til


Bokn denne lørdagen. Han var på utkikk etter fiskered-skaper, sa han.

Villalobos hadde bodd i Haugesund i mange år, men hans norsk er ikke så god, sa han. Villalobos er opprinnelig ifra Chile. En av hans brødre er gift med ei dame som hadde tilknytning til Bokn.

Auksjonarius var Johannes Nilssen og han hadde funnet seg en stor blå trekasse som han stod på midt i gymsalen. Han oppfordret folk til å snakke høyt da det var en god del folk som gav litt lyd ifra seg. Salget gikk unna og det var flere som var med i budrundene.

Janne Jøsang vant lekehytta, gratulerer! Korpset fikk en god inntekt denne lørdagen, netto kr. 36.000,-

Korpsformann Dagny Kjellesvik sa til Bygdabladet at hun var svært godt fornøyd med dagen, og ville spesielt takke auksjonarius Johannes Nilssen og Rolf, Dan Viggo og Gunn Aarsand.



DYKTIG AUKSJON-ARIUS: Johannes Nilssen i aksjon.

Havnavegen vel ynskjer seg ballbinge

Jardar Havikbotn

Under ein befarng 15.10 kikka styremedlemmene i velforeningen, Arild Nilssen (tv), Geir Ognøy, kommuneingeniør Unni Høivik og undertekna på aktuelle plassar for å oppføra ein ballbinge.

Havnavegen Vel prioriterer dette høgt og håpar på kommunal støtte i ein søknad om spelemidlar, og at Bingen, som er eit fleirbruksanlegg gjennom heile året, kan vera ein del av eit nærmiljøanlegg.

Skogen nord for nedre husrekke i Havnavegen, som er regulert til frileiksområde, eignar seg ypperleg til eit nærmiljøanlegg.



Takk og farvel til fred og ro i Gongstø og Øvrabøvågen

- engasjerte naboar reagerar på utbyggingar -

Reidar Alvestad

Frå industribygg til utleige

Johannes Handeland har kjøpt eigedommar i Gongstø som omfattar eit stort og eit mindre hus. Det store huset ut mot Boknasundet har han innreda til fritidsføremål, og det er hovudsakeleg tyske turistar som leiger. Dette huset har han tidlegare fått godkjent å gjera om frå industribygg. Det er laga til molo like ved, kor det ligg fiskebåtar tilrettelagde for turistane.



Dette store bygget har i lengre tid vore nytta til utleige for turistar, primært tyske. Fleire små fiskebåtar ligg på innsida av moloen.

Reaksjon frå naboar

I følgje ein aksjon frå hytteeigarar og andre som har eigedom i området, meiner dei nå at det går for langt i forhold til auka trafikk, naturinngrep og belastning av dette området. Dei inviterte dei nye kommunestyremedlemmene til ei orientering og synfaring i området, og i eit skriv til desse, peikar dei på at dei har fått høyra at utbyggjaren har presentert planar om eit reiselivssenter i området basert på utleige. I dag er det 2 nye hytter under oppføring, berekna for utleige. Den eine i Øvrabøvågen, og den andre i Gongstø. Dei seier også at alle naboane ikkje er



Også eit eldre hus er oppkjøpt av Johannes Handeland, og er nå under restaurering (t.v.) Hytta og sjøhuset til høgre i bildet kjem svært nær ferieanlegget til venstre utanfor bildekanten.

varsla gjennom ordinært nabovarsel. Vidare påtala dei i skrivet at det var fylt ut ca. 16 meter i sjøen på den eine tomte i Øvrabøvågen. Dette har byggherren nå måtta ta opp att. Vidare var det plassert masse steinmasser i ei søyle ved tomte i Øvrabøvågen, utan at kommunen har godkjend landskapsmessige endringar.



Ved enden av vegen er arbeidet påbegynt med ei av dei 2 hyttene som nå skal byggjast. Til venstre der traktoren står, er det lagt ei steinfylling i søyla.

Redde for konsekvensane

Naboane i Øvrabøvågen og Gongstø er nå svært urolige for at området skal bli heilt forandra og øydelagd for dei som held til her frå før. Dei har ikkje noko mot nye hytter, men er redde for at det på lengre sikt skal satsast på eit stort anlegg innan reiseliv, kurs/konferansar og anna verksemd her som vil øydeleggja det nåverande miljøet. Dei som i dag har eigedomar i området ynskjer å vera med og uttala seg og gi tilrådingar når det gjeld utbyggjingsplanane i området. Slik det er i dag føler dei at utbyggjarane tar



I dette området er det ei større hytte under oppføring, og ein murkant til sjøen. Stein som var lagt utanfor murkanten er fjerna. Det er påbegynt eit arbeid med jernbjelkar utanfor murkanten som ser ut som påbegynt kai.


seg til rette, og at kommunen først reagerar på ulovlege tiltak først etter at naboane gir tips om dette. Sjølv har dei opplevd at det vart stilt strenge krav som måtte fylgjast då dei sjølv bygde. Dei undrar seg også over at det blir gitt løyve til å byggja direkte i strandsona.

Misnøgde med kommunen

Ei gruppe berørte naboar i området gir til kjenne at dei er svært kritiske til kommunen si handtering av denne saka. Det dei er misnøgde med er m.a.:

1. Kvifor det ikkje er sendt ut nabovarsel til alle
2. Kvifor det blir tillatt bygging i strandsona
3. Har natur og miljøutval i kommunen uttala seg
4. Kvifor er det fylt igjen med lausmasse i våtmarksområdet som var hekkeplass for vadefugl
5. Kvifor legg kommunen seg flat for utbyggjar
6. Er kommunen erstatningsansvarleg for verditap på omkringliggjande eigedomar

Desse spørsmåla vart tatt opp med dei rundt 10 kommunestyrerepresentantane inkludert ordføraren som møtte grunneigarane i Øvrabøvågen den 26. september.



Midt i bildet i Gongstø vil den eine hytta koma. Til venstre det eldre huset som blir restaurert, til høgre nåverande hytte som blir utleigd m.a. til tyske turistar.



Kommuneingeniør Unni W.W. Høvik

Kommunen svarar

Bygdabladet har forelagt naboane sine spørsmål til kommuneingeniør Unni W.W. Høvik som har desse kommentarane:

Nabovarsel: Det er sendt ut nabo varsel til dei som direkte grensar til utbyggjaren sine tomter.

Bygging i strandsona: Heile området er i vedtatt kommuneplan regulert til fritidsbebyggelse. Så lenge det i denne planen er gitt åpning for bygging i strandsona, er det tillatt.

Uttale frå miljø/naturutval: Kommunen har ikkje slikt utval, men ved kommuneplan-arbeidet skal naturvern- og miljøinteresser vera tatt omsyn til.

Lausmasse i våtmarksområde: Det er midlertidig lagra overskotsmasse frå sjø og utgravd hyttetomt.

Legg kommunen seg flat for utbyggjar: Som kommune held me oss til byggesøknad og det regelverket som gjeld.

Er kommunen erstatningsansvarleg for verditap: Trur ikkje det. Det dreier seg om eit regulert område til fritidsføremål. Dei som har hytter her frå før må rekna med at det blir vidare utbygd.

Kommunen krev svar

Kommuneingeniør Unni W.W. Høvik seier elles til Bygdabladet at teknisk seksjon har bede om at utbyggjar gjer rede for tiltak som er gjort i sjøen og basseng som ikkje sto på opprinnelege planteikningar. Alle tiltak ut i sjø må det søkjast om.

Ikkje reiselivsanlegg

Unni W.W. Høvik seier også at utbyggjinga dreier seg om to hytter som kvar er på 90 kvadratmeter. Slik området er regulert til fritidsområde, kan ikkje kommunen leggja seg bort i om eigaren nyttar hyttene sjølv eller leiger dei ut. Ho seier også at det ikkje er søkt om utbygging av eit reiselivsanlegg.

Då Bygdabladet tidlegare hadde kontakt med Johannes Handeland, stilte han seg uforståande til aksjonen frå naboane. Han ga imidlertid Bygdabladet løyve til å ta bilder av eigedommane sine.

Suksess med kino i Bokn!

Denne hausten er Bokn kulturkontor med på ei prøveordning med kino kvar mnd. i det nye amfiet på skulen, det såkalla auditoriet.

Sjølv om ikkje alt er på plass når det gjeld lerret, lyd og blanding av rommet, har dei to kinodagane me har hatt i september og oktober vore godt besøkte.

12. september hadde me 94 besøkande medan 82 personar var på plass 12. oktober. Svein Olav Gulbrandsen i Bygdekinoen seier til Bygdabladet at resultatet er veldig bra, og at det med det også går bra økonomisk. Kommu-

nen har pr. i dag ingen utgifter på dette flotte tilbodet.

Folk som er knytta til internett kan heile tida fylgja med på kinotilbodet i Bokn, kva som kjem, osv - med å klikka seg inn via sidebaneret til Bygdekinoen på www.bygdabladet.no

Fredag 7. november er det klart for filmene "Tarzan" (7 år) og "Pirates of the Caribbean" (11 år).

Kvar gong kjem det også opp plakatar på dei vanlege oppslagsstadene i kommunen i vekene før forestillingane.

Byrja sildeeventyret for 1000 år sidan?

Jardar Havikbotn & Endre Elvestad

Kan tre fiskesøkker og ei tuftesamling i Bokn frå vikingtida og middelalderen forandra noregshistoria?

Marinarkeolog ved Stavanger sjøfartsmuseum, Endre Elvestad, seier til Bokn Bygdablad at det ikkje er langt ifrå.

Siste helga i august foretok sjøfartsmuseet i samarbeid med Stavanger dykkerklubb og Engøyholmen kystkultursenter marinarkeologiske undersøkingar av tuftekompleksa sør på Vestre Bokn. Formålet var å undersøka sjøområda nær tufteanlegga for å sjå om det var gjenstandar, særleg fiskesøkke som kunne fortelja om kva for ein aktivitet som hadde foregått, og når.

Dei fann m.a. tre fiskesøkker.

- Me manglar nokre dateringar, men dersom dei kan tidfestast til vikingtid, med muleg kontinuitet til tidleg middelalder kan det ha stor betydning for det økonomiske grunnlaget for høvdingar, konge og kyrkje, ikkje berre i Rogaland, men også på Vestlandet.

- Dette kan også bidra med nye perspektiv på vikingtidens og middelalderens handel, handelsvarer og handelsplassar så som Avaldsnes, Bergen og kanskje Kaupang i Vestfold, fortel Elvestad entusiastisk.

Han lokaliserte også tufter kor det er svært gode bevaringsforhold og dermed gode høve til å finna kol til såkalla C-14 dateringar, samt gjenstandsmateriale som kan fortelja dei mer.

- Det er også svært gode landhevingskurver i området slik at båtopptrekk og kanskje tuftene kan daterast i forhold til høgde over havet.

Elvestad skal også undersøka om Arkeologisk museum i Stavanger om ikkje dei kunne tenka seg ei undersøking av eit par av tuftene.

Noregs største samling av tufter

I det interessante rapportutkastet sitt, som er gjengitt her, fortel Endre Elvestad om funn av minst åtte tufter i "Skodahabn" som ikkje er registrerte.

Pr. i dag er det Hvaler i Østfold som har flest registrerte tufter i landet, men den oppsiktsvekkande undersøkinga 29. - 31. august 2003 kjem til å setta Bokn på toppen.

PÅ LETING ETTER DE ELDSTE FISKEVÆRENE

- Utkast til rapport etter marinarkeologiske undersøkelser av tuftekompleksene på Vestre Bokn 29.08 - 31.08 2003

av Endre Elvestad

I de lune vikene sør på Vestre Bokn er det registrert noen eiendommelig anlegg. Nær sjøkanten ligger det store samlinger med tufter av forskjellige typer. Noen kan sees som store groper i urene ned mot fjæra, andre er sirkelrunde steinsettinger som enten ligger enkeltvis, eller deler vegg med andre tufter som cellene i en bikube. Det er også registrert kvadratiske og rektangulære tufter med et eller to rom. I tillegg er også hellere brukt. Samlingene varierer fra 4 til ca 28 tufter, mens enkelte steder ligger de også enkeltvis. I


tillegg til tuftene er det registrert båtopptrekk og mulige naust. Jevnt over ligger tuftene i viker som utgjør gode havner for mindre fartøyer. Unntaket er de nordligste i Skodehamn som ligger nokså eksponert mot sørvest.

Disse anleggene har aldri vært undersøkt for å finne ut hvilken funksjon de kan ha hatt og hvor gamle de er. Man har gjettest på at kompleksene kunne være rester etter fiskevær siden de ligger i områder som tradisjonelt har vært gode sildevåger. De har også en helt annen karakter enn sporene etter vanlige gårdsbosettinger - det finnes ikke rester etter gårdshus eller rydningsrøyser. Regner man opp antallet registrerte tufter på gårdene Are, Jøsen, Vatnaland, Sunnaland, Hognaland og Loden er det ca. 132 stykker. I tillegg er det flere tufter som ikke er registrert. Dersom de er relativt samtidige kan de ha huset en stor mengde mennesker. Hvis vi antar at det kan ha bodd 4 stykker i hver kan det ha vært rundt 500 mennesker i værene. En kan også legge til at bare på Hvaler i Østfold er det registrert flere tufter enn på Bokn. Tufteanleggene som er registrert i Hordaland, Sogn og Trøndelag er langt færre.

Den marinarkeologiske undersøkelsen var et samarbeid mellom Stavanger Dykkerklubb, Engøyholmen Kystkultursenter og Stavanger Sjøfartsmuseum. Formålet var å undersøke sjøområdene nær tufteanleggene for å se om det var gjenstander, særlig fiskesøkker som kunne gi en antydning om hvilken aktivitet som hadde foregått og når.

Sjøbunnen nedenfor fjæra består delvis av ur og delvis berg ned til et par meter hvor det er et belte med lys skjellsand og stein. På dybder større enn ca 3 - 4 meter består det øvre sedimentet av gytje som er bevokst med åleggess.

Vi fant i alt 3 fiskesøkker nær tufteanleggene



Det ene ble funnet i et smalt sund mellom Arsneset og Avløybet, det andre ble funnet litt nordvest utenfor sundet, og det tredje i en liten bukt ved det sørligste tuftekomplekset i Hognåsvika. Alle søkkene ble funnet i skjellsandbeltet på dybder fra 1,4 til 2,8 meter og fra 8 til 10 meter fra land. To av søkkene er uformelige steinskiver med et meislet hull nær sentrum. Slike søkker er funnet i sammenhenger som daterer dem fra 400-tallet til 1500-tallet, men sannsynligvis har de vært i bruk helt opp i nyere tid. Det tredje søkket er også litt uformelig men skiller seg fra de andre ved at det har to hull som også er meislet i øvre ende. Søkket er bredere nede enn oppe og har en tilnærmet

båtform. Funn av lignende søkker viser at de var i bruk i vikingtid og middelalder, men de kan sikkert også være eldre eller yngre.



Det ene ble funnet i et smalt sund mellom Arsneset og Avløybet.

Selv om antallet søkker er lite er det interessant at samtlige er garn eller notsøkker. Dersom de er førreformatoriske har søkkene sannsynligvis vært på sildegarn eller nøter ettersom de fleste andre fiskeslag ble fisket med snøre eller dorg. Det er også svært spesielt at fisket synes å ha involvert så mange mennesker. På Sørvestlandet er det sannsynligvis ingen andre fiskearter enn silda som kan mobilisere såpass mange.

Det ble også gjort noen interessante befaringer på land. I Skodehamn er det flere tufter enn de som er registrert. I en røys nord i havna er det minst 4 stykker og på Hedleholmen ligger det også minst 4. Her ble det i tillegg registrert to mulige båtopptrekk og en firkantet steinsetting i sjøen som sannsynligvis har vært en steinbrygge.



I det smale sundet mellom Arsneset og Avløybet ble det også registrert en steinsetting som kan ha vært en brygge. Ved det sørligste tufteanlegget i Hognåsvika, der det ene søkket ble funnet, er det et bryggeanlegg.

I tillegg er det også flere steder hvor fjellet er godt egnet som naturlige brygger. Slike brygger er en svært god indikasjon på at det har foregått lasting av tyngre gods om bord på fartøyer som kanskje var så store at de ikke ble trukket opp i fjæra.



Bryggeanlegget i Hognåsvika.

Selv om søkkene for så vidt er klassiske for garn og not i vikingtid og middelalder kan de også være etterreformatoriske. Et mulig holdepunkt for at værene bør tidfestes før ca. 1600 er mangelen på funn fra nyere tid. Siden bosettingene er så sjønære er det sannsynlig at man har brukt sjøen som avfalls plass her som andre steder. Ved nyere tids fiskerihavner er det svært vanlig å finne ting fra 1600- til 1900-tallet fordi bruksgjenstandene av keramikk, glass og lignende ikke brytes nevneverdig ned i sjøvann. Det virker derfor rimelig at dersom fiskeværene var i aktivitet på 1600- og 1700-tallet ville vi ha funnet gjenstander på bunnen fra denne perioden så som kritt Piper, eller skåler, fat eller kokepotter av keramikk.

I et lignende tufteanlegg på Røvær ved Haugesund ble det funnet et skår av kleberkar som dateres til vikingtid, noe som kan være en indikasjon på at fiskeværene var i virksomhet i vikingtiden.

En annen indikasjon på datering kan være undersøkelsene av tilsvarende tufter i Hordaland. Her ser det ut til at de ble etablert allerede på 300 – 400 tallet, men da ligger de enkeltvis. I vikingtiden etableres værene hvor flere tufter ligger sammen og de ser ut til å være i aktivitet fram til rundt 1200 hvor virksomheten opphører. I perioden fra 300 – tallet og fram til 700 tallet ble tuftene benyttet til sesongmessige opphold for ulike typer fangst og fiske, mens i vikingtid og tidlig middelalder ser virksomheten ut til å være spesialisert mot et intensivt fiske. Mest sannsynlig ble værene i vikingtiden organisert av høvding-er som også hentet inn overskuddet av produksjonen. I middelalder var det kongen eller kirken som tok overskuddet.

Undersøkelsen var for overflatisk til å kunne gi noe bilde av hvordan virksomheten ble drevet og hvordan værene var organisert. De minste og mest primitive tuftene ser ut til å ligge i urene nærmest vannkanten. Kanskje har seil eller presenninger av tøy eller skinn dannet tak. De større tuftene ligger gjerne i lyngområdet over urene. I de tilfellene hvor det bare ligger steinrekker i et skift kan det ha stått laftete hus, men der hvor murene er høyere kan veggene ha vært av stein og taket av tre eller tøy/skinn. Under Lofotfiske var det ikke alle fiskere som bodde i hus. Noen dro båten på land, hvilte den og sov der, mens andre pakket seg inn i seilet. Det kan derfor godt ha vært

mange flere mennesker på Bokn enn det tuftene gir inntrykk av. Kanskje ulikhetene mellom "fine" og "primitive" tufter viser til standsforskjeller mellom fiskerne.

Vi kan også regne med at det har vært områder hvor fisken ble tatt i land for sløying, salting og reparasjon og tørking av nøter. Og det kan ha vært lagerrom for de ferdige varene. Det er nærliggende å tro at en så omfattende virksomhet med notbruk, bearbeiding av fisk, mulige lagerrom, fiske- og lastefartøyer må ha vært godt organisert.

Det er få skriftlige kilder som forteller om sildefiske i Rogaland før 1600. Den eldste er Snorre som skriver at Erling Skjalgsson sendte sine frigitte trelle på sildefiske. Derimot er det mange kilder som vitner om at sildefisket var viktig i vikingtid og middelalder. I gudediktet Harbardssljod spiser Tor sild til frokost og setter pris på det. Landnåmabok forteller at en seidkone ved navn Turid (Sundfyller) kunne seide fjordene fulle av sild.

Silda nevnes ikke i Gulatingsloven, men Magnus Lagabøters landslov har en rekke utførlige bestemmelser: man kunne dra opp båter og lignende hvor som helst, men måtte ta det vekk innen 14. april, alle søksmål skulle hvile under sildefisket, forbud mot å ta fisk fra andres garn osv. At redskapen og fartøyene skulle være vekk innen 14. april kan tyde på at det var fiske etter vintersild. At silda var svært viktig kommer også fram av tillatelsen vestlandsfiskerne fikk av pave

Alexander 3 i 1164 til å fiske på søndager og helligdager noe kristenretten egentlig forbød. Pave Innocens IV fornyer tillatelsen i 1248 og erkebiskop Jon inkluderer bestemmelsen i kristenretten i 1270.

En annen indikasjon på at sildefiske var viktig på Vestlandet på begynnelsen av 1300-tallet var alle de skutene som seilte med sild fra Bergen til havnebyene på østkysten av England. En svært interessant tendens er at skipene som er lastet med sild setter av gårde over Nordsjøen flere måneder før resten av handelsflåten. Enkelte år reiser de ut allerede i slutten av januar, og ingen senere enn mai. Det er også betegnende at vinterseilas ble betraktet som særdeles farlig (med god grunn) og at hanseatene hadde forbud mot overseilinger om vinteren. Mest sannsynlig var dette sild som ble fisket på Vestlandet og som relativt fersk (grønnasild eller meisasild) ble skipet ut i forbindelse med fiskeriene. At silda skal ha kommet fra fiskeriene i Øresund er mindre sannsynlig siden dette fisket foregikk om høsten og silda ble saltet så godt at noen måneder til eller fra ikke spilte noen rolle.

3 fiskesøkker og en samling tufter kan ikke forandre historien, men det er ikke langt fra. Dersom værene har vært i aktivitet i vikingtid og middelalder kan de kaste nytt lys over både maktforhold og økonomiske forhold. Mengden mennesker som tilsynelatende var involvert i fiskeriene tilsier at de fisket mer enn det normale husholdninger kunne klare å spise opp. Dersom vi tenker vikingtid kan lokale høvdingar (Erling Skjalgsson f.eks.) ha basert deler av sitt økonomiske grunnlag på sildefiske som igjen var viktig for å opprettholde makten. Silda kunne brukes til å fø hærstyrker eller byttes i verdigjenstander som høvdingene brukte for å blidgjøre fiender og kjøpe seg venner. Dette var faktisk det viktigste varebytte i vikingtid. (Undersøkelser i Nord-Norge viser at tørrfisk

i vikingtiden ble brukt til det samme).


Dersom værene var i aktivitet i middelalder kan dette være det som skal til for å forklare handelsvirksomheten på Avaldsnes på 1200-tallet. Funn i havnen tyder på at det var en omfattende handelsvirksomhet i denne perioden, men hvilke varer som ble skipet ut er ikke avklart. Sild kan synes som et godt alternativ.

I Rogaland og andre steder er det en tendens til at viktige havner med en handels- eller forsvarsfunksjon var krongods i tidlig middelalder. Mot høymiddelalder ble noen kirkegods, noe som kan ha sammenheng med at kongedømmet kom inn i fastere former, og at kongen derfor ikke behøvde å kontrollere annet enn de viktigste havnene eller handelsplassene.

På begynnelsen av 1100-tallet var Are var adelsgods og tilhørte slekten til Erling Skakke og Kong Magnus Erlingsson. Mot slutten av 1100-tallet ble gården sannsynligvis klostergods. Kjøynå, Loden og Jøsen hørte til biskopen i Stavanger, og kan ha blitt donert til stavangerbispen av kongen i forbindelse med opprettingen av bispesetet i 1125. Sunnaland og Hognaland bryter med dette mønsteret ved at de var selveiende bondegods i middelalderen, men disse gårdene var mindre og kanskje derfor mindre attraktive.

Årsaken til at kongemakten og siden kirken holdt på de større gårdene behøver ikke nødvendigvis å være at jordbruket ga god avkastning eller fordi havnene lå strategisk til langs leden. Det kan godt skyldes rike sildefiskerier.

I innløpet til Skodehamn ble det funnet 5 fragmenter av krittpipe.



Krittpipene har sannsynligvis ingenting med fiskerivirksomheten å gjøre, men kan sees i sammenheng med Skodehamns funksjon som nødhavn eller ventehavn. Allerede mot slutten av 1500-tallet er det avmerket et ankringsområde sør på Vestre Bokn.

Årsaken er nok at havnene ligger gunstig til for innseiling til Karmsundet og til trelasthavnene i Ryfylke. Pipeene kan dateres til 1700-tallet (sannsynligvis).

Forkjørsveg frå Knarholmen til Føresvik

Reidar Alvstad

Trafikkfarleg

Dei som kjører av E 39 mot Føresvik har nok oppdaga at det nå er kome forkjørsskilt på Fv. 891 frå Knarholmen til Føresvik. Tidlegare var det slik at kjøretøy på denne vegen måtte vika for trafikk på tilstøtande vegar når denne kom frå høgre. Dette



Her ved avkjørsla frå E 39 ved Knarholmen startar forkjørsvegen til Føresvik.



Det kan synast som at Hallvardskrossen er oversiktleg og grei, men anten du kjem frå Alvstadkroken eller Boknaberg, er det ikkje alltid så lett å ha full oversikt over trafikken til høgre og venstre. Ved at Føresvikvegen nå er forkjørsveg, må dei som skal inn på denne vegen visa meir varsemd. Det er også kome skilt med pil til Bokn kyrkje her.


skapte av og til trafikkfarlege situasjonar i vegkryssa, då det var nokre som trudde at denne vegen til Føresvik var forkjørsveg.

Vikeplikt

Nå må alle vika for trafikken på Føresvikvegen i krossen ved Knarholmvegen, krossen ved Hålandsvegen, Halvardskrossen, krossen ved Stølsvegen og krossen ved Stabburvegen ved enden av "Vigabakkjen".



Også her i krossen ved Stabburvegen i Føresvik er Føresvikvegen forkjørsveg.



Skilta er tydelege nok, så nå treng ingen vera i tvil om at Føresvikvegen er blitt forkjørsveg.

Suksess for nettutgåva!

www.bygdabladet.no går så det griner.

Pr. 20.10 fortel statistikken om over 10.000 treff dei siste 30 dagane.

Ekstra gøy er det at 23% er internasjonale besøkssesjonar.

16. septemper, dagen etter Kommunevalet, mottok eg ein mail frå Lars Sigmund Alvstad, som frå Nigeria takka for eit fantastisk tilbod,

der han las ferske valresultat frå heim-kommunen sin!

Det er ikkje kvar dag Bygdabladet har kapasitet til å vera først ute med ting, men valkvelden 15.09 fekk eg lagt ut valresultatet i

Bokn før resten av media var klare med det!

Nettutgåva er eit fint supplement til det du no held i hendene, der ein somme tider får kjensla av at Bokn Bygdablad er ei avis.

- redaktøren -



Ynskjer seg ridehall

Jardar Havikbotn



Bokn ride- og kjøreklubb (BORK) ekspanderer og ynskjer seg ridehall for å få plass til alle aktivitetane sine.



DET EINE ALTERNATIVET: Fv. Agnes Sæbø, Svein Ove Alvestad, Bjarne Odland, Erik Eikje og Jan Erik Nygaard i det aktuelle området på Ognøy (styremedlem Gry K. Øvrebø var ikkje til stades då bildet blei tatt).

Ei gruppe i BORK har i lengre tid jobba med ein

ridehall på 20 X 40 m (60 m med tribune) med ein totalkostnad på 1,5 mill. kr. No håpar dei på kommunal støtte slik at dei kan søka om spelemidlar i 2004.

Dei to plasseringsalternativa er Ognøy og Torland, og 23. september var ordførar, rådmann og under-teikna på besøk hos BORK-styret, i ridebrakkka på Ognøy for å drøfta prosjektet med tanke på kommunal medverknad. Etter ei skumringsbefaring i aktuelt plasseringsområde, ikkje langt frå eksisterande treningsbane, blei det konstatert at plassen eignar seg godt til formålet.

Det gjer også Torland på Vestre Bokn, og ride- og kjøreklubben har ikkje bestemt noko alternativ enno.

- Fleire ting spelar inn, m.a. kloakktilknytning, seier styreleiar og grunneigar på Ognøy, Erik Eikje til Bygdabladet.

Kommunen ser positivt på eit flott fritidstilbod i Bokn og vil gjerne vera ein god samarbeidspartner i prosjektet, og ordføraren sa på møtet at han håpa at Bokn kommune kunne vera med å realisera denne ridehallen. Svein Ove Alvestad inviterte også BORK til å presentera planane for det nye formannskapet.



Godt Bokn-resultat

Jardar Havikbotn

P.g.a. basaren på skulen 3. oktober, som gav heile kr. 15.490,- til aksjonen, kom Bokn høgt opp på statistikken over dei kommunane i landet som gav mest pr. innbyggjar, og kommunen låg lenge blant dei 10 beste kommunane i landet på aksjonskvelden 19. oktober.

I Rogaland var det berre Utsira og Kvitsøy som hadde høgare beløp enn Bokn. Pr. 20. okt. stod kommunen oppført med heile kr. 84,- pr. innbyggjar.

Berre eitt resultat er betre, "Krafttak mot kreft" i 1997. Då arr. me ein "Syng med oss"-kveld med salsartiklar laga spesielt til aksjonen, og fekk inn kr. 15.000,- I tillegg kom det inn gåver for kr. 12.000,- det året.

I år, som i fjor, bevilga

Formannskapet kr. 8.000,-

Det viser seg at arrangement i samband med den nasjonale dugnaden blir lagt merke til utafor kommunegrensa, då dette slår svært positivt ut på resultatet.

Rektor ved skulen, Ingjerd Ellingsen, smilte også frå øyre til øyre etter basaren, som avslutta Kystkultur-dagane deira (sjå s. 18).

- Eit utruleg bra resultat på berre to timar og ei flott avslutning på tre fantastiske dagar med eit strålende fiskevær.

Kanskje bør dette bli ein tradisjon?

På vegne av kommunekomiteen vil eg retta ein stor takk til Bokn Røde Kors for godt bøssebærarsamarbeid gjennom fleire år. Takk også til Redd Barna-medlemmer frå Bokn som var med, til SR-bank Bokn - og ikkje minst til alle i Bokn som støtta TV-aksjonen 2003!



Foto: Linda Ognøy

VELFORTENT: Røde Kors-medlemmene Susanne Grønnestad og John Øvrebø nyt kaffi og kake etter bøssebærarturen.



Foto: Kari Hetland

FORUT FOR SI TID: Kaka til den filippinske kvelden på Bedehuset i vår (sjå neste side) med motiv frå Søppelfjellet og med slagordet "ABC redder barna" - det handlar om det same.

Søppelfjellet i Manilla, Filippinene

Kari Hetland

2. klassen til lærer Josie Navea

Året er snart gått siden turen til Søppelfjellet sammen med Anne Marie Honningdal (70) fra Ålesund. I Bokn hadde vi filippinsk fest på bedehuset på nyåret og det var stor oppslutning fra både by og bygd, der ca 80 personer fant veien til Bedehuset.

Det ble solgt for kr 4.000,- i kjoler og samlet inn ca kr 8.000,-

Det ble opprettet en hjelpekonto i SR-bank1, her i Bokn og kr. 8.000,- ble satt inn der.

Kjoleinntektene er gitt til en pastor og hans kone som driver hjelpearbeid til Eata-folket, en minoritetsgruppe som bor oppe i fjellene nord for Olongapo. Det er også pastorens kone, Violy som har sydd kjolene.

Skolen på Søppelfjellet

Jevnlig har jeg mottatt informasjon på e-post ifra lærer Josie. Hun kan fortelle at hun nå har hun fått 3 elever til. Hun har vært inne på Søppelfjellet og spurt foreldrene om hun kan få dem inn i skolen. De tre nyankomne, Jobith, Benjie og Jovelyn, har vært mye syke med feber og betendelse. De tryglet Josie at de må få være på skolen allikevel. Josie forteller at barna har en vanskelig og farlig skoleveg, spesielt når det er regn og gjormen gjør den glatt. Barna må



De tre nye elevene Jobith, Benjie og Jovelyn.

også være forsiktige da her er farlige omgivelser. Søppelbiler og gravemaskiner er i arbeid og det er ikke alltid lett for et lite barn og gå innimellom disse. Derfor er det veldig stort for barna og få komme til skolen, et lite rom hvor de får litt mat og samtidig får lære bokstaver og tall.

Stor takknemlighet


Josie kan fortelle at pengene som er sendt ned er brukt til bla. utflykter til parker og hun uttrykte det slik:

"Tusen, takk Gud, disse ordene kom fra et av barna



RESULTAT AV KJOLELOTTERIET I BOKN: Klassepicnic i Rezal-Park.

da de ble tatt med ut til Rizal Park. De lærte å være takknemmelige for at de fikk være med og få se den fine parken med alle blomster og trær. Foreldrene var også glad for at de kunne få være med på dette og det gjorde inntrykk på dem og se barna sine leke og ha det så kjekt"



GLADE FOLK: På hjemmebesøk til en av elevene i klassen.

Noe av pengene, kr 1500,- er brukt til lærerkurs til ei jente som skal være Josie's assistent. Her har Josie sendt meg kvitteringer fra kurset. Hun har også brukt noe til skolemateriell og mat til barna. Det er fremdeles penger igjen på kontoen. De blir sendt etter behov.

Josie ser også at skal barna kunne få et bedre liv og tenke seg ut av disse omgivelsene så må foreldrene også ha undervisning. De må tenke nytt

Hun har en gang i uken invitert foreldrene til bibelstudie og samtale gruppe.

Et filippinsk ektepar, der mannen er en barndomsvenn av Josie har sagt seg villig til å komme hjelpe henne med dette. Ekteparet driver et begravelsesbyrå litt utenfor Manilla.

Det var disse to som kjørte oss ut til Søppelfjellet da jeg var der så vi fikk tatt videofilm, som senere ble vist på bedehuset her i Bokn.

Josie vil takke alle som er med og bidrar til at skoledagen blir et lysglimt for disse små og også deres familier:

- Hjelpearbeid kan føles som om å gi dråper, når behovene er så enorme. Men husk at havet består av dråper, der hver dråpe bidrar til at det blir et stort hav – tilslutt.

KULTURKALENDEREN

Daglege oppdateringar
i nettutgåva.

- nye arrangement/ forandringar blir utheva kvar gong -

OKTOBER

24. **Kulturkveld om Petter Dass på Bedehuset kl. 19.00** Hans Marius Våga fortel om Petter Dass. Dacapo leiår an i songen. Mykje god mat - rømmegraut og mykje anna snadder.

- 24.-
26. Tur til "Oslo Horse Show", arr. BORK
27. **Disco-kurs på klubbhuset. Kl. 12.00 5. - 7. kl. Kl. 14.30 frå 8. kl. - arr. Bokn danse- og ungdomslag**
26. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
26. Bingo, arr. BIL
28. **"Teddybjørnens dag" i biblioteket/auditoriet. Alle barn i alderen 3 til 5 år er velkomne saman med kosedyret sitt!**
30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

NOVEMBER

02. Gudsteneste kl. 11.00
02. **Faxi Islandshestforening, Nord-Rogaland arrangerer medlemstreff på Krovågen Heste senter kl. 11.30**
02. Søndagsridning på Ognøy, arr. BORK kl. 14 - 16
04. Speidaaropptak på Bedehuset kl. 18.00
05. Alpha på Bedehuset
07. ABR-senteret har utlodning på Bedehuset kl. 19.00
07. **Kino i auditoriet kl. 18.00 og 20.00 - i nettutgåva kan du klikka deg inn på Bokn**
07.-
09. Seminar Bokn musikkorps' juniorkorps og aspirantar, skulen
09. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
12. **Formannskapsmøte**
13. Israelsmisjonen på Bedehuset kl. 19.30
16. Gudsteneste kl. 15.00
19. Alpha på Bedehuset
21. Bedehusbasar kl. 19.30
22. **Julemesse for Bokn og Tysvær på Tysvær Soknahus kl. 11.00 - 15.00, arr. Det Norske**

Misjonsselskap

22. **Premiere på Bygdarevyen 2003 "Kun til medisinsk bruk" - arr. Bokn revylag**
22. **Etter revyen blir det Restaurantkveld på Angusloftet på Are, med dans og servering av forfriskningar og varmrettar**
23. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
23. **Førestilling, Bygdarevyen 2003 "Kun til medisinsk bruk" - arr. Bokn revylag**
23. Normisjon på Bedehuset kl. 19.30
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Julebingo, arr. Bokn musikkorps
29. Seminar Bokn musikkorps' vaksenkorps, Bokn skule kl. 09.00 - 17.00
30. **Julemesse - arr. Arsvågen Kro- og gardsmat. Påmelding for utstillarar innan 20.11 på tlf. 52 74 80 00**
30. Gudsteneste kl. 19.00

DESEMBER

02. Speidaravslutning på skulen kl. 18.00
03. **Formannskapsmøte**
03. Alpha på Bedehuset
07. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
07. Jul i stallen på Håland, arr. BORK
12. **Julekonsert i Bokn kyrkje med Christina Bjordal Band og Barnekoret. Entré kr. 100,-/50,- forhåndssal i S-torget frå 17.11**
13. **Kommunestyremøte**
14. Gudsteneste kl. 11.00
14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
veke 51 Ikkje utleige i gymsalen
18. Juleavslutning på skulen
21. Søndagsskulens juletreff, Bedehuset kl. 15.00
24. Gudsteneste kl. 14.30
26. Gudsteneste kl. 11.00
27.-30. Datatreff på skulen - arr. BCG
28. Juletreff på Bedehuset kl. 15.00
31. Gudsteneste kl. 16.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn musikkorps Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	15.30 - 16.30 16.30 - 17.45 18.00 - 22.00	Oddrun Nilssen Gunnar Bokneberg Dagny Kjellesvik
Ons	Fotball 8-9 år	17.00 - 18.00	Artur Trosnavåg
Tor	Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Tove Hognaland Atle Jøsang
Fre	Fotball	19.00 - 20.30	Gunnar Solberg

Til salgs

Blytau (ca 15mm)
Trosser (ca 23mm)
Tau (ca 10mm)
Alt kr 15 pr kg.
Plasttønner 200 l (egnet til flytebrygger, etc.) selges også.


Eivind Moi Eikje - tlf. 93 43 33 51

Me gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilarar.


Send inn papirbilde eller digitalt bilde på e-post saman med ein liten tekst til

gratulerer@bygdabladet.no




Gratulerer! Stor-sjarmøren vår Si-gurd André Solberg Flørli, fylte 1 år lørdag 20. september. Vi ønsker go' gutten vår til lykke med dagen, og fremtiden.

*Kjempe gla i deg,
mange klemmer fra mamma & pappa*



SKULEN INFORMERER



Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.25 - 12.25 alle skuledagar med unntak av fredagane.

Olweus-prosjektet mot mobbing og antisosial åtferd ved Bokn skule

Lærarane var på kursdag om Olweus-prosjektet måndag 15. september. Der fekk dei ei første innføring i kva prosjektet går ut på.

I løpet av hausten kjem lærarane til å arbeide med 4 tema som er sett opp i ein plan. Det er

- o inspeksjon i friminutt
- o klassereglar
- o klassemøte
- o foreldremøte

Torsdag 16.10.03 kjem klassekontaktane, og torsdag 23.10.03 samarbeidsutvalet, til å bli kalla inn til møte der det vil bli informert om programmet. Samarbeidsutvalet skal dessutan nedsette ei samordningsgruppe for programmet. Denne skal bestå av mellom anna

- o rektor
- o representant(ar) for lærarane
- o representant(ar) for foreldra
- o representant(ar) for elevane

Foreldra elles vil etterkvart få informasjon om prosjektet. Det kan også bli spesielle temamøte for foreldra, men det veit me ikkje enno, det blir opp til samordningsgruppa å planlegge dette.

Det blei gjort ei undersøking om mobbing blant elevane i vår. Resultatet av denne undersøkinga kjem til å bli presentert først for samordningsgruppa, og denne gruppa vil avgjere korleis resultatet skal presenterast vidare for foreldre og tilsette.

Dusjing etter kroppsøving

Dusjing etter gymnastikk og annan fysisk aktivitet, vil dei fleste oppfatte som både fornuftig og rett med tanke på god hygiene og trivsel. Ikkje minst har skulen til alle tider vore ein pådrivar for at elevane skal dusje etter gymnastikktimane.

Samtidig har me av og til elevar som av ein eller annan grunn vegrar seg for å dusje. Særleg dei minste barna kan oppleve dusjing som problematisk og utrygt.

Då er det viktig at både foreldra og skulens personale veit at det ikkje finst heimel i lov eller forskrift for å tvinge nokon til å dusje. Som departementet skriv i eit brev nyleg:

Det er selvsagt viktig med god hygiene, men dersom dusjing blir et problem, er det viktig at vi ikkje griper inn i enkeltelevers integritet på en måte som ellers kan ødelegge skoledagen for dem.

Det er ikkje noko som heiter "klasse" eler "klassestyrar" lenger

Opplæringslova er endra slik at det ikkje er noko som heiter "klasse" eller "klassestyrar" lenger på skulen. No skal klasse kallast "gruppe" og klassestyrar kallast "kontaktlærer".

Lovteksten i § 8-2 i Opplæringslova er slik:

Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal ivareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.

Kvar elev skal vere knytt til ein lærar (kontaktlærer) som har ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, mellom anna kontakten med heimen.

Stortinget har vore tydeleg på at kommunane ikkje kan bruke denne endringa til sparetiltak. Ressursbruken i skulen skal ikkje endrast som følgje av at omgrepet "klasse" er borte.

Korleis dette skal handterast ved Bokn skule frå neste skuleår vil bli lagt fram for samarbeidsutvalet seinare i haust.

I budsjettet for 2004 vil det bli lagt til grunn ei gruppeinndeling som følgjer årskulla, slik at elevane blir delt inn i 10 grupper, ein for kvart årskull, og at kvar gruppe / kvart årskull får sin kontaktlærer.

Nokre saker som kjem til behandling i samarbeidsutvalet og politiske organ i løpet av dette skuleåret

Det er mange store saker for skulen som det hastar med å få fram til politisk behandling og avgjerd. Saksmengda er så stor at det er vanskeleg å få gjort alt i rett rekkjefølgje og til rett tid.

Her følgjer eit lite oversyn:

Skulebudsjett for 2004

Dette blir laga ferdig i løpet av første halvdel av oktober. Samarbeidsutvalet vil få uttale seg før budsjettet blir behandla i politiske organ.

Midtskyssen og inndelinga av skuledagen og skuleveka

Fylkeskommunen har redusert det dei vil betale for midtskyssen. Det betyr at noverande skyssordning blir dyrare for kommunen.

Kva konsekvensar skal dette få?

Skal me oppretthalde noverande skyssordning og ta den ekstra kostnaden, eller skal me redusere midtskyssen frå hausten 2004, og kva konsekvensar får i så fall det for elevane og inndelinga av skuledagen og skuleveka?

Grensene for fri skuleskyss

Reglane kommunen har i dag om fri skuleskyss er vedteke i mange omgangar over mange år. Samtidig har tilhøva langs vegane endra seg, ikkje alltid til det betre, og det har tidvis vore vanskeleg å praktisere reglane rett. Det kan nemnast at eit vedtak om fri skyss som blei gjort i 1982 har vore ukjent for skuleleiinga, noko som nyleg medførte feil avgjerd i ei sak. Kanskje finst det fleire gamle vedtak som ligg nedstøva? Uansett kan det vere nyttig å ha ei samla

gjennomgang av denne saka no.

Miljøforskrifta for skulen

12. september hadde skulen besøk av ein representant for Næringsmiddeltilsynet Haugaland/Miljøretta helsevern.

Det gjaldt førebuing av tilsynsbesøk frå helsemyndighetene, og gjeld internkontrollsystemet etter forskrift av 01.12.1995 om miljøretta helsevern i barnehagar og skule.

Arbeidet med slikt internkontrollsystem for skulen blei starta den gong forskrifta kom, men blei av ulike grunnar ikkje fullført.

Det arbeidet vil no bli starta opp igjen i løpet av november – desember – januar, og det vil vere naturleg at samarbeidsutvalet tek del i arbeidet.

Tilsynsbesøket er venta ein gong etter nyttår.

Utdanningsdirektørens tilsynsbesøk 18.02.2003

Det har tatt tid å få rapporten frå tilsynsbesøket, men no kjem den snart. Me har akkurat hatt ein kladd til gjennomlesing her på kontoret, for å luke ut eventuelle feil, men fann ingen bortsett frå litt ombyting av namn.

Rapporten kjem snart på internettsidene til fylkesmannen, og me vil kome tilbake til resultata og kommentarar .

Adressa til utdanningsavdelinga hos fylkesmannen er www.su-ro.stat.no

Du går deretter til "Forvaltning" og "Kontakt og tilsynsbesøk" og kjem då inn på sida med rapportar frå alle tilsynsbesøka i Rogaland. (Bokn var ikkje lagt ut då me sjekka, så det tek kanskje nokre dagar før den kjem)

Opningstider i SFO

Det har vore fleire foreldre som har bedt om å få utvida opningstida i SFO litt, for tilpassing til eiga arbeidstid. Det er gjort nokre mindre mellombelse tilpassingar for å hjelpe foreldra, men skal endringane gjerast permanente, må dei gjerast i samsvar med gjeldande tariffavtalar, og då vil kostnadene kunne bli større enn det kan synest når ein ser på minuttane dette gjeld. Av den grunn er saka sendt til formannskapet.

Kjem det eit ønske om utviding frå formannskapet, vil det bli gjort dei endringar som skal til for å utvide opningstida permanent.

I mellomtida vil me takke foreldra for at dei respekterte dei opningstidene som er avtala. Me har ikkje lagt inn i arbeidsavtalar eller løn at personalet skal stå i arbeid ut over opningstidene. Barna skal vere henta før det klokkeslettet som er avtala, ikkje etterpå.

Utviding av samarbeidsutvalet?

I juni informerte me om at skuleseksjonen kanskje fekk eit nytt seksjonsråd. Samarbeidsutvalet behandla denne saka 2. september og tilrådde samrøystes at det ikkje blir oppretta eit nytt råd, men at ein i staden utvidar samarbeidsutvalet slik at samansetninga av dette rådet blir:

- o Frå kommunen: Ordførar, rektor og seksjons-sjef.
- o Frå foreldra: 3 frå foreldras arbeidsutval, valt slik at alle 3 hovudstega i skulen er representert.
- o Frå dei lærartilsette: To lærarar

- o Frå andre tilsette: Ein representant
- o Frå elevane: To elevar frå elevrådet

Denne saka skal opp i formannskapet, men på grunn av valet og konstitueringa av det nye kommunestyret kan det ta litt tid før saka kjem opp.

Neste møte i samarbeidsutvalet/det nye seksjonsrådet er planlagt til torsdag 23.10.03, og før det møtet, torsdag 16.10.03 blir det halde møte for klassekontaktane for å velje dei 3 foreldra som skal vere med vidare, enten det blir i SU eller i eit nytt seksjonsråd.

Dersom formannskapet ikkje har tatt ei avgjerd til den tid, bør me kunne kalle inn eit utvida samarbeidsutval, slik at sakene ikkje stoppar opp.

Møte i samarbeidsutvalet

SU hadde møte på skulen 2.9.2003. Eigentleg skulle det vore konstituering av nytt SU på dette møtet, men fleire av klassekontaktvala var ikkje gjort, så det måtte utstå.

På møtet blei følgjande saker behandla:

1. Oppretting av nytt rådsorgan for seksjon skule. Samarbeidsutvalet tilrådde samrøystes at ein ikkje oppretter eit nytt utval, men i staden utvidar samarbeidsutvalet.
2. Ordensreglar for Bokn skule. SU vedtok samrøystes at ein ønskjer innspel til arbeidet med ordensreglar / trivselsreglar innan slutten av oktober. (Sjå omtale annan stad i bladet)
3. Olweusprogrammet. Rektor orienterte om framdrifta. (Sjå omtale annan stad i bladet) Foreldra ønskjer å bli halde godt orientert undervegs i arbeidet.
4. Høyring om framlegga frå kvalitetsutvalet for grunnskulen. Seksjonssjefen orienterte om eit framlegg til høyringsuttale frå Bokn kommune, som er sendt formannskapet. Høyringsfristen er 15. oktober.

Nye rutinar ved elev/foreldresamtalen

Minst to gonger i året skal læraren ha samtalor med elev og foreldre/føresette. Desse faste samtalane skal vere førebudde av alle paratar. Samtalane skal bidra til å klarleggje roller og forventningar, og samstundes gi tilbakemelding om framgangen eleven har, arbeidsprosessen og resultatet. Samtalane bør ende i ei forpliktande oppsummering, m.a. korleis elev og lærar kan arbeide saman for at eleven på best mogleg vis skal nå måla for opplæringa.

Elevane vil få med heim eit samtaleark som skal vere eit hjelpemiddel for å systematisere og strukturere denne samtalen. Skulen vil nytte dette samtalearket ved den fyrste samtalen i haust og samtalearka er tilpassa klasse og trinn.

Skulen saknar ein bærbar pc

Skulen har sakna ein bærbar PC ei stund no. Den er merka under med skulen sitt namn. Dersom nokon oppdagar den forlagt ein eller annan plass, enten i ein heim eller på skulen, vil rektor sette pris på at det blir tatt kontakt.




Catch IT tur til Tsjekkia 20-25 september 2003


Stein Magnar Gjerde

Vi kom fram til Tsjekkia utan problem. Når vi kom ut av flyet var vi overraska over kor varmt det var, 30 grader. Vi er jo vant til mellom 10 og 15 grader på den tida av året. På flyplassen blei me henta av minibuss som kjørte oss til Cêske Budejovice. Når vi kom fram til hotellet der lærarane skulle bu satte vi oss i lobbyen og venta på at vertsfamiliane skulle komme å hente oss.

Neste dag var me på besøk i Hluboka slottet. Der fekk vi guida tur gjennom slottets 14 av 141 rom. Vi fekk sjå blant anna biblioteket, spisesal, soverom m.m. Etter turen hadde vi lunsj i ein times tid før vi byrja å gå til dyreparken. Der fekk vi sjå kenguruar, bjørner, ugler, rev, oter m. m. Bura til dyra var ganske små i forhold til bura til dyra i Kristiansand dyrepark. Resten av ettermiddagen og kvelden hadde vi til fri disposisjon. På kvelden var elevane på cafe.



Hluboka Castle



Kjetil og Pia frå Tyskland blir kjende.

Mandag morgon kl. 9 møtte vi opp på skulen til vår første workshop. Stein Magnar informerte nye og gamle elevar og lærarar om kva Catch IT er. Etterpå hadde vi bli kjent leiker. Etter leikene byrja arbeidet. Vi blei delt inn i 5 internasjonale grupper, ein elev frå kvart land. Kvar gruppe hadde ein gruppeleiar. I gruppene kom vi fram til spørsmål om lokal bedrifter i kvart av landa som var eitt av to tema på workshopen. Etter workshopen skreiv kvar gruppe ein artikkel om kva dei hadde

arbeidd med og det vart lagt ut på Catch IT sida på internett. Alle er hjartleg velkomne til å sjå på sida der alt vi har skreive ligg. Adressa er: <http://www.skoleavisa.no/ue5>


Etter skulen var vi på rådhuset i Cêske Budejovice og møtte viseborgermesteren som fortalde litt historie om Cêske Budejovice. Han kunne ikkje engelsk men hadde to andre som oversatte til engelsk. Vi var også oppe på taket og i eit tårn og hadde utsikt over byen. Til slutt fekk viseborgermesteren gaver frå gjesteskulane. Resten av dagen var til fri disposisjon og vi fekk tid til å handle og sjå litt meir av byen. Tirsdag tok elevane og lærarane frå Norge og Sverige bussen til Cêský Krumlov medan dei andre elevane var i hovudstaden Praha. Her fekk vi også ein guida tur gjennom byen. På ei bru som gjekk over elva kunne du sjå kor høgt



Møte på rådhuset.

over normalt elva gjekk under flommen i fjor sommer. Etter den guida turen fekk vi tid til å handle.

Etterpå på kvelden blei vi kjørt til kino der vi såg ein tsjekkisk film som me ikkje forstod noko av. Onsdag var vi på den andre workshopen. Lærarane blei ein time forsinka fordi dei tok feil buss og hamna på heilt feil skule, imens satt vi på skulen og lurte på kor dei var blitt av. Når alle var på plass begynte vi å komme med spørsmål til det andre temaet; innvandring og utvandring. Først



Workshop

satt vi i nasjonale grupper og fant spørsmål vi ville dele med dei andre i den internasjonale gruppa. Når vi var ferdige la vi ut spørsmåla på Catch IT sida på internett. I dei internasjonale gruppene fekk vi prøve ut engelsk kunnskapen noko som gjekk bra hos dei fleste.

Før vi forlot skulen vart alle samla til å bli fotograferte utanfor inngangen til skulen. Etterpå tok vi farvel med lærarane frå dei andre skulane.

Etter skulen var det tid til siste handle tur. På kvelden var vi på teater og såg eit danse stykke. Er ikkje sikker på kva det heiter, men det var svært merkelig. Etter teateret var vi på cafe med dei tyske og nokre av dei tsjekkiske elevane.

Torsdag var det tid for hjemreise. Det var kun 1 grad ute og frost på vindauga på bilane, det var sjølvstodt kaldt mens me stod utanfor hotellet og venta på minibussen som skulle ta oss til flyplassen.




Elevar og lærarar utanfor Anglo-Czech High School.

- Catch IT er eit internasjonalt skuleprosjekt
- Samarbeidslanda er Sverige, Tyskland, Nord- Irland, Tsjekkia og Norge
- Catch IT blir drive med støtte frå EU sitt utdanningsprogram 'Socrates'
- Målsetjinga i prosjektet er å synleggjere og skildre lokalsamfunna ein lever i med omsyn til historie, kultur, næringsliv og daglegliv.
- Elevar og lærarar samarbeider på Internett og på eit årleg prosjektmøte
- Prosjektet har ei felles Internettside kalla Catch IT: www.skoleavisa.no/ue

Kystkultur dagar på Bokn skule 1. - 3. oktober

Tekst: Alexander Thuestad - foto: Åse Bratthammer



OVER: Stig Andre Indergård er nøgd med fangsten.


TH: 1. - 4. kl. hadde lagt inn den originale aktiviteten "Å lera seg å gå på vatnet" på timeplanen under Kystkulturdagane.

På bildet ser me Wenche L. Havikbotn med elevane fv. Regine Nilssen, Maria Nilssen, Ruben Våga og Kristian Nilssen under eit vellukka forsøk.

NEDERST TH: Bjarne Nedrebø og Hanne Marte Vatnaland tel opp dagens krabbefangst.

NEDERST TV: Fv. Ivar Jordbrekk Ognøy og Kjetil Vatnaland i full gang med sløyinga.

- redaktøren -



Bokn skule har arrangert Kystkultur dagar med eit mangfaldig innhald.

Me har fiska frå båt med liner, garn, dorg og sett teiner for krabbe og hummar. Me har fiska med landnot og fiska med stong frå land.

På sløyden vart det laga teiner, tauverk, dobber, linestamp og

fleire andre fiskerelaterte ting. Det var og høg aktivitet på kjøkkenet med baking av kaffimat og laging av fiskekaker, bacalao og anna fiskemat.

Alt som vart laga og fiska vart selt og lodda ut til alle som ville komma på fredagen. Inntektene, kr. 15.490,- gjekk direkte til TV-aksjonen og Redd Barna (s. 12).





Foto: Nils B. Nilssen



Høsten - og hausttakkefesten i kyrkja

Kari Hetland

Fargene ute er i forandring i disse dager. Det går mot høst og luften har fått et skarpere drag.

Hausttakkefest i kirken er en årviss hendelse der 2. klasse ved Bokn Skule står for utdeling av frukt og grønnsaker fra kurvene sine etter gudstjenesten. Barna startet med å synge "Han har hele vide verden i sin hånd"

Presten, Arne Aurdal ønsket velkommen og sa at det også skulle være dåp denne søndagen.

"Slik som vi bærer fram guds gaver idag, frukt og grønnsaker - slik skal også lille Kenneth (Alvestad Espeland) bli båret fram her til dåpen", sa Aurdal.


Han talte ifra Matteus 6 - der det bl.a står at menneske ikke skal bekymre seg.

Takk til Karina Lervik!

Vi fikk også nydelig sang av Maj Jorunn og Oddrun.

Det var Karina Lervik's siste gang som organist i kirken.

Hun fikk overrakt en gave fra kirken. Kyrkjeverje Svanhild Alvestad takket henne for hennes flotte musikkspill og ønsket henne lykke til videre.



Søndagsskolen i Bokn

Nå er et nytt høstsemester startet opp igjen.

Søndagsskolen er ifra kl 10.30 - 11.15 på Bedehuset. Her synger vi og hører spennende fortellinger ifra bibelen, mens lederene viser på flanellografen.

Datoer i høst:

Oktober: 26.

November: 09. - 23.

Desember: 07.

Kom til søndagsskolen og ta med deg en venn!

Sauebonde med mange meninger i Auditoriet 14. okt.

Kari Hetland

"Ein god latter forlenger livet", sies det, men det tok liksom aldri av, forestillingen med Tor Arne Johnsen i sauebonde Sivert Syre's skikkelse.

Auditoriet var ikke akkurat fullt da det kun var 11 personer, som tok turen denne sene høstkvelden.

Han Sivert hadde mange meninger om mangt og mye. Politikk, der budsjettet nettopp er lagt fram i Stortinget, ble kommentert og for ikke å glemme hans kone Johanna. Han hadde også meningerr om Vårherre. Det var mangt der han ikke forstod - og det er vel Sivert ikke alene om..

Ferie fra Brekeland var han tvung-

et til å ta siden Johanna hadde fått avløsar og også var veldig opptatt av hva de som bodde i byen hadde. Hun hadde hørt at de hadde ferie og nå ville hun også ha dette, til Siverts store for-tvilelse.

- Båtferie, sa han. Johanna hadde ordnet med båtferie til Paringsland. Han ante flere ting i vente og hans badeopplevelse ble kontakt med både svimanet, fjering, og ormagras.

Innimellom ordflommen sang Sivert et badestev han laget etter båtferien. Han trakterte gitaren godt i tillegg og hadde tydelig mange strenger å spille på.

Hans frieri til publikum for å få



kontakt, ble ikke helt det store.

Auditoriet er flott her i Bokn - Kulturelle innslag håper vi det kommer flere av.

Publikumsvikten denne kvelden kan skyldes flere ting da det var mange som var opptatt på andre arrangementer.

Ny satsing av friske karer

Kari Hetland

Når man har gode hjelpesmenn (og kvinner) i både familie og barn. Og disse i tillegg er både nevenyttige og har en del ideer og komme med, ja, da er vel mulighetene til å satse tilstede.

Opphør av melkeproduksjon

Gården Laupland ("på Dybing") avslutta sin melkeproduksjon fra nyttår. Etter en annonse i Haugesunds Avis om at det var mulig å leie gården som tilleggsgjord, kom Einar Håstø ifra Gismarvik i Tysvær inn i bildet.

På nyåret ble driftsbygningen leiet ut for de neste 5 åra. Ikke lenge etter ble de første stutkalvane tilkjørt og fylt opp i driftsbygningen. I alt ble det 56 stykker, som var inne tidlig på våraparten.

Dyrene har gått ute siden 10. mai og bort i mot alle ble satt inn 27. september i bingene for høsten.

Håstø regner med at første gang han kan levere til slakt blir i slutten på januar 2004.

Ny satsing

Nå blir det utvidelse av flokken. Håstø har fjernet betongvegg ved den tidligere melkestallen for å lage flere binger for nye dyr.

Det er også blitt montert nye drikkenipler fra taket i de nye bingene. For å få boksene klart til innsett så har det gått en stund med sveising, snekring og montering av nye porter. I dette monteringsarbeidet har han hatt god hjelp av sin bror, Sigbjørn, som må vel kalles en "tusenkunstner" når det gjelder løsninger. Sigbjørn er maskinarbeider. Men også av



FRISKE KARER: Brødrene Sigbjørn (tv) og Einar Håstø.

sine to sønner på 17 og 13 år har Håstø hatt god hjelp av.

- Totalt 70 kalver tror jeg det kan blir plass til, avslutter Einar Håstø.

Han har også melkeproduksjon hjemme på Gismarvik og kjører tankbil i tillegg.

Fritidsproblemer er et ukjent begrep for Einar Håstø.



Ordet fritt!



Kjære boknarar

Dei fleste har sikkert fått med seg at det skjedde ein del på **dansen 30. august**.

Dette er noko vi må gjera noko med. Me som var på vakt denne kvelden, har i etterkant hatt eit møte, og kome fram til ein del ting. For å få desse tinga til, ber me rett og slett om at DU og er med og hjelper litt. For som alle ting her i samfunnet, må me gå samla om ein skal få til noko.

Då tenkjer eg på at me må respektera kvarandre. Kanskje enkelt å lova i edru tilstand, men dette blir lett gløymt når nokre små brune kjem innanbords. Det er då ein må prøva og hugsa at dei som er edru har fornufta i behald. For det var nett dette som var problemet sist dans. Enkelte hadde inga respekt for vaktane. Dei formeleg trua med det eine og andre. Då er det ikkje mykje kjekt å vera vakt for ein organisasjon, om det er musikkorps, idrettslag, røde kors eller andre lag/ foreningar.

Hovudhensikten med ein dans er jo å samla lokalbefolkninga til fest saman for å ha det

hyggeleg. Me gjer det på ideelt grunnlag for å ta eit tak for bygdasamfunnet. Då er det sørgjeleg at enkelte øydelegg for resten, for dette gjeld på ingen måte alle.

Det skal ikkje vera naudsynt å tilkalla Politiet på ein dans. Klart ting kan skje, men ikkje på grunn av at vaktane ikkje får respekt. Det skal her føyast til at enkelte, i samråd med andre lag/Sjonar, blir utestengde i 1 år frå dansar.

18 års aldersgrense

Me i røde kors vil og heva aldersgrensa til 18 år ei tid framover. Dette er synd, men sant. Elles vil me saman med andre kjøpa inn vaktvestar for å vera betre synlege. Rutinane for vaktinstruksen er nøyte gjennomgått og endra/forbetra. Det er og ført ein open dialog med Bokn Kommune i etterkant for å ivareta alle si interesse av å ha dansearrangement for ettertida.

Då vil me i Bokn Røde Kors takka for forståinga og ser fram til mange dansar framover. Har ein synspunkt er det berre å koma med dei til underteikna.

For Bokn Røde Kors
Operativ leiar
Kjell Frode Lie

Vannredningsøvelse i Føresvik - Bokn Røde Kors Hjelpekorps

Tekst: Unni Wiktoría Wahlgren Høvik - foto: Kjell Frode Lie

Den 5 oktober kl 13.45 ble medlemmene i hjelpekorpsset varslet angående vannredningsøvelse. Det var Susanne Pyramidia Grønnestad som hadde planlagt øvelsen, og det ble vi som hadde vært på vannredningskurset på pinseleiren som fikk i oppgave å organisere det hele, sjøl operativ leder i hjelpekorpsset klarte å holde seg borte fra organiseringen (kan også skyldes dagsformen...)

Etter litt hektisk stemning ute på røde kors huset på Hognaland, dro vi i samla flokk til Føresvik kai, hvor ordre ble gitt (bildet).



Hjelpekorpsset hadde mottatt melding om at en familie på 4, 2 voksne og 2 barn, var blitt savnet etter at de ikke hadde kommet hjem fra fisketur til avtalt tid kl. 12.00. Alle ordre fra "politiet" ble fortløpende gitt via konvolutter.

Det ble delt inn søksteiger fra Føresvik kai, til Boknahåvet. Videre ble det delt inn i to strandlag, og et båtlag. Kl 15.45 var lagene klare til aksjon. Været i området var realistisk, med regnbyger og vind.

Forsøket med å sette repeateren på Austre Bokn mislyktes, så vi slet litt med å finne en god plassering for KO (komandosentral), slik at vi hadde samband med lagene våre. Etter tre plassforsøk endte vi opp på Føresvik kai. Pga av dårlige sambandsforhold gikk deler av kommunikasjonen via mobiltelefon.

Underveis ble det rapportert om funn, og i tillegg prøvde båtlaget å kommunisere med noen tyskere som var ute og fisket, for å sjekke om det var disse som var savnet. Etter en smule kommunikasjonsproblemer, ble det raskt konkludert om at disse ikke var savnet...

Underveis fikk vi en ny melding fra politiet, om også å se etter en savnet fisker.

Kl 19.00 ble øvelsen avsluttet, det ble ikke gjort

reelle funn, da det faktisk ikke var lagt ut markører.

Etter endt øvelse hadde vi samling på Allrommet på Boknatun, hvor vi gikk gjennom øvelsen, og etterpå hadde mat. Det var en glad gjeng som var fornøyd med å komme innomhus, etter regnværet. Vi i KO hadde derimot hatt det varmt og godt under hele øvelsen...

I tillegg til våre egne mannskaper, så fikk vi besøk av Gro Elin Berge fra Rogaland røde kors distriktskontor, som ønsket å se hvordan vi jobbet.

Syns du dette hørtet kjekt ut? Har du lyst å være med i hjelpekorpsset? Eneste forutsetningen for å bli med, er at **du** stiller med godt humør! Vi er en sosial gjeng som møtes annen hver onsdag på røde kors huset på Hognaland.

Ta kontakt med operativ leder,
Kjell Frode Lie på tlf **90 78 37 97**, eller mail:
klie1@excite.com



Gjenglemte klær på Bedehuset

Kjenner du igjen noe av dette?

Ta kontakt med
Kari Hetland, 52 74 86 12

(Regnjakka er merka med U.E)




Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00


COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Levering av rør og kummer.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP



Tlf: 52 76 50 50
Fax: 52 76 50 51

MILJØVERK IKS

ELEKTRISK OG ELEKTRONISK AVFALL

Elektrisk og elektronisk avfall som t.d. vaskemaskinar, TV, datamaskinar, mobiltelefonar, strykejern, elektroniske leiker og liknande må ikkje kastast i restavfallet.

Dette avfallet skal leverast til forhandlar eller til miljø-parken på Toraneset.

Du treng ikkje ha kjøpt vara hjå forhandlaren. Den treng heller ikkje vera av same merke som forhandlaren sel.

Forhandlaren tek også imot produkt som er laga før innleveringsordninga starta.

Du må aldri setja frå deg elektrisk eller elektronisk avfall på miljøstasjonen.


BOKN ETNE TYSVÆR VINDAFJORD ØLEN

TA VARE PÅ NATUREN

Noko å feire?

*Møte- og selskapslokaler og
hybel/leiligheter til leige*

Me leverer óg smørbrød



Sjøhuset
i Alvestadbrøken

Tlf. 52 74 86 05 - Mob. 90 94 88 26



Barneforsikring
skal være som
småbarnsfedre
- Nesten overbeskyttende

Barna er det viktigste her i livet. Det at det kan skje barna noe, er noe av det verste du kan tenke deg. Vi er flinke til å forsikre både hus og bil, men barna er lett å glemme. Dette kan du gjøre noe med! Barneforsikring gir en ekstra trygghet hvis noe uforutsett skulle skje. Vi er opptatt av at du skal ha de forsikringene du trenger!

SR-Bank Bokn har alle typer forsikringer

Ta kontakt med oss på telefon 52748221, så forteller vi deg mer om hvorfor det er viktig å forsikre deg selv og de du er glad i!

Kjøp barneforsikring av noen som kjenner deg.

SpareBank 1
Barneforsikring

KOM PÅ SENIORDANS Godt for kropp og sjel



Har du passert 60 år, og føler behov for å røre litt på deg? Då må du koma på kurs i seniordans!

Kurset starta tirsdag den 23. september, og vil halda fram på Allrommet på tirsdagar framover mellom kl. 18.30–20.30. Sjølv om det er ei gruppe som er i gong, kan nye berre koma og bli med. Det er god plass til fleire.

Seniordans er ei forholdsvis ny danseform. Det blir brukt norske og internasjonale dansar som er forenkla og tilrettelagde for folk som har passert middagshøgda i alder. Musikken er både folkemelodiar og moderne rytmer.



Glade og spreke dansarar i Allrommet ynskjer gjerne fleire i lag med seg.

Seniordans har ein utprega sosial profil, og dansen er utforma på ein måte som gjer at han passar godt for folk som er litt opp i åra. Alle kan delta i dansen, uansett kjønn. Me vil gjerne ha fleire menn med. Ein kan koma aleine eller med dansepartnar. Du blir ikkje berre glad av å dansa, men seniordansen gir også:

Sosial kontakt, betre kondisjon, styrka muskulatur, bevaring av leddfunksjonar, auka konsentrasjonsevne, betre koordinering. Seniordans har dei siste åra blitt svært populært blant seniorar rundt omkring.

Julianne Nilssen og Reidar Alvestad instruerar.

ARSVÅGEN KRO OG GARDSMAT A/S

TLF. 52 74 80 00

- # Vi leverer snitter, smørbrød og koldtbord etter deres ønske
- # Selskapslokaler med god hjemmelaget mat
- # Møtelokaler til alle formål
- # Egenproduserte pølser tuftet på gamle oppskrifter "selges nå fra kiosken"
- # Kjøtt fra storferasen "Aberdeen Angus" - kjent som kanskje verdens beste kjøtt
- # Vi serverer middag hver søndag fra kl. 12.00 til 16.00 på Angusloftet.

VI SATSER PÅ GOD HJEMMELAGET MAT
TIL HVERDAG OG FEST

NB! Diverse arrangement:

- Julemesse søndag 30. november, påmelding for utstillere innen 20. november på tlf: 52 74 80 00.
- Restaurantkveld lørdag 22. november etter revyen, med dans og servering av forfriskninger og varmretter.

Fekk du ikkje fyr?

Takk for at du tok vare på veden våre i nesten 3 veker! Veen var som sikkert du fann ut nyskoren og ikkje så lett å tenna.

Me vil takka deg for at du la han tebake der du fant an, faktisk litt tørrare enn då du lånte an.

I tillegg va an nå kutta i meir passlege lengder, det vil me også takka for.

Eit godt råd til boknarane:


Dersom du har ved du ønska å låna bort for ei kortare eller lengre tid gjer følgande:

1. Legg veden utanfor huset, slik at kim som helst kan tru det e deiras.
2. Ikkje skjer an for kort opp, det gjere han som låne veden.
3. Fortvil ikkje dersom du ser at veden din e forsvonne, an komme tebake itte 3-4 veker, faktisk tørrare.

Lykke tel!

Masse varme hilsener fra
Siv & Johannes i Øvrabøvågjen

Gåvetips i Servicetorget



- Bokn gard og ætt 1 kr. 400,-
- Bokn gard og ætt 2 kr. 400,-
- Boknaminner, CD med Jan Spurkeland kr. 150,-
- Frå haug ok heidni, Bokns arkeologi, natur- og kulturhistorie kr. 50,-
- Bokn kyrkja, vegvisar i liv og død gjennom 1000 år kr. 50,-
- Boknaspenna, smykke kr. 1.400,-
- Boknaspenna, nål kr. 1.100,-
- Rødbronsenål kr. 900,-
- Rødbronsesmykke kr. 1.050,-

Boknaspenna er i fire utgåver; forgylt, oksydert sølv, kvitt sølv og rødbronse.
Sølvkjedene kan vera skjulte eller synlege. Bronsefestene kan berre vera skjulte.

Sykelhjelmer

Det henger en burgunder-rød sykkelhjelmer på speiderhuset (merket saniteten).

Om noen savner den, ta kontakt med May Jorunn eller en annen i speideren.

Er det din sykkel?

Rosa barnesykkel størrelse 5-7 år har ligget ei god stund i Vatnalandskryssset.

Den savner sin eier.



Idrettslaget informerer

KLUBBUSET

Huset er nå tatt i bruk til forskjellige typar aktiviteter, det er også mulighet til å leige lokaler.

"Vaflene"

Tirsdagen brukes lokalene til "vaflene" som tidligere var på Boknaton.

Aerobic

Etter ønske fra brukarane har dei som driv med aerobic flytta inn, dette har ført til aukande interesse.

Spinning

Me har også kjøpt inn 7 spinningssyklar som allerede er i full drift, midlertidig i 1. etasje. Denne treninga er onsdags- og søndagskveld. Ønsker du å delta ring Marianne L Alvestad 52 74 86 78

Spinning er ein treningsform som passer alle, du bestemmer sjøl belastninga på treningen og fleire kan trene i lag. Me har i denne forbindelse laget ein film der du kan sykle rundt Grønnestad med musikk i bakgrunnen.

Dugnad

Medlemmene er nå i full gang med å jobbe i underetasjen som vil bli lager, garderobar og treningslokaler.

Dersom alle er med og hjelper til, håper vi at lokalene og utstyr vil vere klare til bruk for å nå ønska vekt og kondisjon etter jula.

Hilsen
Bokn idrettslag

Vil du være med?

Alpha-kurs høsten 2003 på Bokn bedehus med Arne Aurdal og Kørner Høie.

Kurset med høy takhøyde - der målet er at du skal føle deg inkludert.

Det blir kveldsmat, undervisning og tid til god prat.

Alpha er en praktisk introduksjon til kristen tro.

Vi har startet opp, men det er fremdeles mulig og bli med på bedehuset onsdager hver 14.dag.



Neste gang blir 5. nov. kl. 19.00 - 21.45, og da er det Kørner Høie (bildet tv.), som står for undervisningen.

Ser vi deg på Alpha?

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy



BOKN KOMMUNE

Bokn kommune har inngått avtale med Tysvær om utføring av feietjenesten. Alle piper vil bli feid hvert 2 år. I tillegg skal det utføres brannsyn annet hvert år.

Piper og ildsteder, håndslökkingsutstyr, røyk-varslere mv. vil da bli kontrollert og en vil gjennomgå brannforebyggende og sikkerhetsmessige tiltak i boligen generelt.

Feiing blir igangsatt i løpet av oktober og husstanden vil få varsel et par dager i forveien.

Til orientering er feieavgiften kr. 250,-/år.

Ta vel imot feieren og vi håper på et godt samarbeid.

Hilsen brannsjefen



BOKN KOMMUNE

Seksjon helse

Helsestasjonen

P.g.a. vidareutdanning er helsestasjonen stengt i fylgjande veker:

Veke 45 (03. - 07. november)

Veke 49 (01. - 05. desember)

Rita B. Førland



BOKN KOMMUNE

Seksjon kultur

VELKOMMEN TIL
BAMSEDAG
PÅ BIBLIOTEKET

**TIRSDAG 28. OKT. 2003
KL. 10.00**

TIL DEG SOM ER 3 - 4
ELLER 5 ÅR

TA MED BAMSEN ELLER
KOSEDYRET DITT OG VER
MED
PÅ FEIRINGA AV
BAMSENS DAG PÅ
BIBLIOTEKET



BOKN KOMMUNE

Ungdomsbustad til leige

Bokn kommune har 1 ungdomsbustad på Øyren til leige.

Bustaden er på 61m² med stove, kjøkken, 2 soverom, bad/WC og boder.

Husleiga er kr. 3.050,- pr. mnd. Utgifter til straumforbruk og oppvarming kjem i tillegg.

Bokn kommune har vedtatt reglar for utleige av ungdomsbustader som går på leigetid, alder m.v. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å venda seg til Servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00.

Søknad kan sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

Søknadsfrist: 31.oktober 2003.

Hybelleilighet til leige

Bokn kommune har 1 hybelleilighet til leige i Fyrveien.

Leiligheten har stove, kjøkken, 1 soverom, bad/WC og bod.

Husleiga er kr. 1.900,-. Straumforbruk og oppvarming kjem i tillegg.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til Servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00.

Søknad kan sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

Søknadsfrist: 31. oktober 2003.



BOKN KOMMUNE

Seksjon barnehage

Ringevikar

Ynskjer du å vera ringevikar?

Frå tid til anna treng vi vikarar i barnehagen.

Ta kontakt med styrar om du ynskjer å vera ein av våre ringevikarar.

Inger Grete Wiken

52 75 25 75 - 98 22 15 12

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekontoret kl. 09.00 - 14.00

Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

Dagsenteret på Allrommet

Er du ein av dei som sit og lurar på om du
skal begynna å gå på Dagsenteret?

Hausten er her, og me har for lengst starta
opp etter ferien. No er tida her for å ta i
mot nye brukarar.

Me samlast kvar onsdag til sosialt samvær
med middag og felles aktivitetar.

Senteret er som kjent ope for både damer
og menn. Du vert henta på døra og bringt
trygt heim att.

Alle boknarar over 70 år er hjarteleg vel-
komne.

Ring for påmelding, tlf. 52 74 84 09 (helst
kveld)

Julianne Nilssen
- aktivitetsleiar for Dagsenteret -

BOKN BYGDABLAD



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdbladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdbladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdbladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

Stort forsidebilde

Haustkveld over
Vatnalandsvatnet

Foto: Kari Hetland



*Takk for all oppmerksomhet i
anledning min 70 års dag!*

Hannemor

Høy

Høy rimeleg til sals - kan leverast

Jan Kristian - 911 98 937

Når naturen går sine egne vegar

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kari Hetland



BOKNS SVAR PÅ "LANGFOSSEN": Store krefter i sving på Austre Bokn 22.09.03

Enkelte gonger får me stadfesta at naturkreftene gjer som dei vil.

"Flaumen"

Dei enorme nedbørsmengdene om morgonen 22. september forårsaka at vatnet trengde seg inn i fleire kjellarar i Bokn. Folk såg bekkar der dei aldri har sett bekkar før då brunt vatn kom buldrande ned frå fjell-sidene. Nokre stader samla det seg opp i små "innsjøar", som t.d. hos Leif Sæbø, andre stader tok dei strie straumane med seg heile grusveggar. Td. "forsvann" vegen ned til Krovågen denne våte morgonen.

Snikrane i dei nye omsorgsbustadene kom springande til vaktmeisterkontoret på Boknatun då bekken kom på besøk.

- Det va som om ei regnsky hadde dotte ner øve oss, fortel kommunal tilsynsmann, Egil Ognøy, til Bygda-bladet. Han og broren Arild fekk ein svært strabasjøs og våt start på arbeidsdagen denne måndagen.

Byggeleiar Svein Ersland seier at dei var heldige som raskt fekk ut vatnet, som stod 10 cm over betonggolvet. Bygg-avfuktarar fekk tørka ut golv og våte trestendarar, og bustadene, som er innflytningsklare i november, blei ikkje forsinka p.g.a. dette.

Hans Faye ved seksjon teknisk fortel at det no er lagt ned større overgangsrøyr (60 cm innvendig diameter) mellom dei nye og dei gamle omsorgsbustadene, for å ta unna ev. framtidige flaumar.

Etter ein ringerunde har Bygdabladet grunn til å tru at husa nærast Boknafjellet blei sterkast råka.

Gunnar Bokneberg har aldri sett så store og strie vannstraumar i bekken som kjem ned frå Boknafjellet og går sørover bak huset deira. Det tetta seg til og rann både her og der, m.a. inn i det eldste huset hans og i Harry og Anita Bokneberg sin kjellar på nordsida, der Frisørgården held til.

Frisøren, som no klippar folk heime hjå dei etter avtale, fortel at golvet i salongen må tørka ei tid og at ho kjem tilbake til ny oppstart.

Mutasjon?

Sigurd Johnny Svendsen var innom kulturkontoret tidlegare i haust med nokre rare lyngplanter, funne blant tyttebær. Dei raude, nye bladene var saftige og tjukkare enn dei grønne, og det var akkurat som om dei ikkje hadde bestemt seg for kva veg dei skulle gå, kva dei ville bli.

Eg skanna dei og sende dei til Karmøys kjende naturfotograf Ole Jakob Vorraa. Han seier det kan vera ein sopp eller annan type "utslett" som gjer at pigmenteringa blir endra.

Kanskje nokre av lesarane kan svara på om dette berre er vanleg tyttebærlyng som får nye skudd?

